

Otto Dyrkolbotn  
5994 Vikanes  
Tlf 56 356055

Vikanes 2801 09

08 / 3599 - 39

30 JAN 2009

Olje- og Energidepartementet  
Oslo

## **Fråsegn i høve framlegg til endring i energilova vinteren 2009**

1.

Framlegget til lovendringar er vorte kjent for seint for mange av dei som burde ha uttala seg i saka. Freisten er også for kort.

For mitt vedkomande tyder dette at eg vil velja ut berre eit bestemt endringsframlegg som eg vil gå noko nærare inn på.

I tillegg har eg ein del meir ålmenne merknader.

2.

Det er gjort framlegg om krav til konsesjon for lågspent kraftlinje, dvs opptil 1000 V. I dag er ikkje slikt krav.

Etter dei gamle reglane kan slike linjer byggjast og drivast av private utan særskild konsesjon, td for å få fram elektrisk energi frå eige småkraftverk til eige bruk.

Etter lovframlegget er vidare føresett at det skal vera nettselskapa som eig og driv desse kraftlinjene.

Det har ma slike konsekvensar:

a)

Det må betalast full linjeleige til nettselskapet for å kunna nytta eigenprodusert energi.

Dette heng saman med det såkalla "frimerkeprinsippet" for linjeleige. Dette prinsippet inneber at sjølv om nettselskapet sitt linjenett berre blir brukt så mykje som ein meter, må det betalast full linjeleige. Dvs linjeleiga er den same om ein brukar energien i huset ved sida av kraftstasjonen eller om ein sel han til ein stad langt unna.

b)

I praksis i dei fleste tilfella må det i tillegg også betalast full pris for eigenprodusert energi

Grunnen er at dei fleste lokale småkraftselskapa er organisert som aksjeselskap som falleigarane sjølv gjerne eig. Falleigarane og kraftselskapet er likevel ulike såkalla juridiske personar. Dette blir no praktisert slik at då nekta nettselskapet å føra fram på sitt nett eigenprodusert energi, endå om det blir betalt full nettleige, med mindre det lokale kraftselskapet sjølv har såkalla omsetningskonsesjon.

Desse endringane inneber då at lokale energiinnvinnarar må betala same pris for

straumen og same nettleiga anten dei nyttar sin eigen energi eller ikkje.  
 Dei har ingen vinst av å vinna inn energi som dei nyttar sjølve.  
 Overskotet som mellom anna fylgjer av nærleiken mellom produksjonsstad og brukarstad går til dei store energiselskapa.

Dette er neppe i samsvar med det Stortinget seier om kva lokal energiinnvinning skal ha å seia for dei samfunna dette gjeld. Jf energi- og miljøkomiteen si innstilling til vassressurslova.

Eg nemner elles at det knapt er noko å seia på at det vert ført fram parallelle kraftlinjer når kostnaden med dette heilt ut blir dekka av den parten som ser seg tent med eiga linje. Det kan ikkje vera rett når staten likevel tvingar kraftverkseigaren til å delta i ei utbygging som fører ein vesentleg del av kostnaden med dette over på han samstundes som vinsten ved å ha eige kraftanlegg vert overført til dei store produksjons - og nettselskapa.

Og om så skulle vera at ein finn det uheldig med eventuelle parallelle kraftlinjer, er det dessutan ikkje dermed sagt at det skal vera dei store produksjons- og nettselskapa som skal reise av med vinsten ved å ha berre ei linje. Det er fullt mogeleg å finna ordningar der den lokale utbyggjaren får sin del av denne vinsten.

Det finst også døme på at slike ordningar er komne i stand. Td vart det på våre kantar for omlag 10 år sidan gjort avtalar med Nordhordland Kraftlag om å byggja berre ei kraftlinje, men på slike vilkår at kraftverkseigaren fekk sin del av vinsten ved dette.(1)

Det var først då BKK seinare overtok Nordhordland Kraftverk at det vart problem med dette.

Det er liten tvil om at dette ikkje primært hadde med nettet å gjera. Det var ein medviten strategi frå dei store selskapa for å vinna mest mogleg kontroll med dei ressursane som småkraftverka representerer.

Også dei fleste andre endringane i energilova ser ut til å kunna brukast på ein slik måte, dvs medvite å føra verdiene som småkraftverka representerer frå lokalsamfunna til dei store selskapa, dvs frå bygd til by og frå fattig til rik.

### 3.

Saksførehavinga er no nærmast i løyndarmål for mange av dei som burde hatt kjennskap til saka førd så langt at fråsegner stort sett er berre spelfekteri. Uttalefreistane er også for stutte. Det vert difor ikkje høve til å gå nærmare inn på dei overordna spørsmåla som er nemnde ovafor i lys av dei konkrete endringsframlegga.

Men eg vil nemna at det slett ikkje er fyrste gongen tilgangen til nettet vert nytta som reiskap for å få tak i og kontroll med vasskraftressursane.  
 Til dels har dette hatt dramatiske konsekvensar.

I 1946 var det ifylgje NVE 2009 kraftverk i Noreg, av dette omlag 1950 småkraftverk etter dagens definisjon. Langt dei fleste tilhørde falleigarane sjølve eller deira lokalsamfunn.(2)

Dette hang saman med at i Noreg, i motsetnad til så å seia alle land i Europe, var det

bøndene som i utgangspunktet åtte vasskraftressursane.(3) Det ville då og vore naturleg at vidare utbygging av dei skulle skjedd i vesentleg grad under lokal forvaltning og kontroll.

Men i 1938 var staten blitt medlem av den såkalla samkøyringa, der også dei store energiselskapa med meir enn 5000 kw maskininstallasjon var representert. Samkøyringa ynskte ikkje ei slik utvikling. I perioden 1946 til 1991 vart omlag 1900 av desse mindre energiselska nedlagde eller overtekne av medlemmer av samkøyringa som opphaveleg hadde 32 medlemmer, seinare auka til vel 200.(3)

Den viktigaste reiskapen for å få dette til var tilgangen til elektronettet. Dei lokale selskapa vart nekta tilgang til nettet og dermed til marknaden. Det vart dessutan "oftest" stilt som krav at småkraftverka i eit område skulle nedleggjast for at folk i området skulle få elektrisk energi frå storselskapa over dette nettet.~~(4)~~

Dette førte sjølv sagt til at vassfall vart tilnærma verdlause på eigarane si hand. Det ville likevel ikkje blitt politisk akseptert at verdiane vart overførde til storselskapa utan vederlag. Det var på denne bakgrunnene at den såkalla naturhestekraftmetoden for verdsetjing av fall i skjøn og i handel og vandel vart utvikla. Denne metoden gav eit skin av rettferd andsynes ikkje ekspertar på området, og gav samstundes høve til å gjennomføra overføringane til svært lave prisar ma fordi metoden gav vederlag berre for den effekten ein kunne få ut av lågvassføringa i vassdraget som i ekstreme tilfelle kunne vera ned mot 2 % av medelavrenninga.(4)

Metoden vart aldri anfekta korkje av juristar og rettsvesen, av politikararar på høgre eller venstresida eller av forvaltninga sjølv.(5) Metoden er heller ikkje nærmere drøfta eller vurdert i nokon fagleg samanheng som underteknna er kjent med, og er etter det eg kan sjå ikkje nemnd i standardliteraturen om kraftutbygging i Noreg, heller ikkje i "Statens Kraft" frå 1994 på nærmere 1700 sider redigert og til dels skriven av Lars Thue.

Saka vart likevel seinare teken opp og vurdert av Högsterett etter initiativ frå nokre småbønder i Nordhordland. I den såkalla Ulebergdommen frå 17. januar 2008 slår Högsterett fast at det var den manglende tilgang til elektronettet som var grunnen til at naturhestekraftmetoden for verdsetjing av fall kunne nyttast i tida før energilova av 1991. Högsterett slår og fast at for ettertida skal metodar som gjev reelle verdiar nyttast.(6)

Historisk har med andre ord nettilgangen vore særskilt viktig for å styra eigarskap og forvaltning av vasskraftressursane i Noreg. Verknaden har vore dramatiske også for overordna samfunnstilhøve som td den norske eigarskapsordninga der vasskraftressursane tilhører jordbrukseliten, ikkje Kongen, Staten eller det rike borgarskapet eller adelen som i så godt som alle andre land.

Denne utviklinga får også konsekvensar for andre andre område der ressursane i utgangspunktet tilhører jordbrukseliten og distrikta. Norske bønder og meir ålment, norske bygdesamfunn, er td dag i ferd med å mista vindkraftressursane på tilsvarande vis.(7) Minerallova (8) vil på same måte føra til at verdiane av oppsitjarane sine privat eigde mineral på privat grunn i Noreg i det vesentlege blir overførde til storselskap i inn og utland, og dei ordningane som er i ferd med å utvikla seg for bioenergi vil

redusera lokalsamfunna til råstoffleverandørar til bioenergianlegg.

Dei lovframlegga om endring i energilova som no ligg føre er på mange måtar ein parafrase eller ei vidareføring av ordningar som tidlegare gjorde det mogeleg på så dramatisk vis å kverersetja og overføra verdiar frå lokalsamfunna til andre i inn og utland.(9)

Største delen av dei som åtte verdiane er framleis fattige. Ein saubonde på Vestlandet der ein svært stor del av falla ligg hadde i 2005 ei medel inntekt for eit årsverk i sauehaldet ifylge NILF på kr 27,02 pr time.(10)

I vasskraftkommunen Modalen er nærmere 70 gardsbruk av dei omlag 75 som fanst her i 1905 nedlagde.

Heile prosessen med å endra energilova bør stoggast, og det må vurderast nærmere kva konsekvensane vil bli.

Denne sakta gjeld mykje meir enn berre retten til å utnytta eigen energi utan å betala storsamfunnet grotesk mykje for å få løyve til å gjera det Det tilhøvet som eg har drøfta i nokon mun i detalj innleiingsvis er berre eit døme på korleis dei lovreglane som det er gjort framlegg om kjem til å verka.

~~Med~~ det eg her har sagt inneber ikkje at eg har bestemte meningar om i kor stor mun departementet eller leiinga der har hatt medvitne siktemål om at endringane i energilova skal får verknader av det slaget eg har peika på.

Det gjeld også det som skjedde frå 1946 og frametter. Alt tyder på at det var samkøyringa der staten rett nok var medlem som dreiv dette fram. Men samkøyringa var organisert som eit privatrettsleg tiltak, med særskilde privatrettslege vedtekter.(11) Samkøyringa dreiv ein form for kartellverksemd der det offentlege lov- og regelverket meir eller mindre utilsikta gjorde det mogeleg å fara slik fram som eg har fortalt om.

På den tida var NVE både eit organ for staten som utbyggjar og eit forvaltningsorgan i energisaker. Som forvaltningsorgan var det då i praksis lite høve til å gripa inn i det staten som utbyggjar hadde føre seg.

Det meste tyder då og på at NVE som forvaltningsorgan ikkje har hatt noko særleg å gjera med dei grøvste av dei tiltaka som vart settet i verk.

Det er også påfallande at ein av dei få som stilte spørsmål ved naturhestekraftmetoden som verdsetningsprinsipp nett var generaldirektør Olav Rogstad i NVE. I to artiklar i NVE sitt interne meldingsblad, "Fossekallen", i 1956 og 1957 gjev han uttrykk for eit syn på verdsetjing av fall som er så likt som det kan få blitt det Högsterett meir enn 50 år seinare seier skal vera retningsgjevande for slik verdsetjing.(12)

Den fyrste av desse artikklane gjeld verdien av fall på eigaren si hand. I den andre artikkelen viser Rogstad til samfunnsverdiane av fallet. Det er påfallande at etter Rogstad sin modell vil verdien av fallet i Uleberg i 1968 vera omlag kr 1100 pr naturhestekraft, og etter den andre artikkelen omlag kr 3000 pr naturhestekraft. Verdien i skjøn og i handel og vandel på den tida var i fylgje Agder Energi i

storleiksorden noko under 40 kr/nathk.(13)

Det burde etter dette vera gode grunnar til å venta med å vedta endringar i energilova til ein - etter ein skikkeleg offentleg debatt om saka - hadde utgreidd kva verknader dette eigenleg vil få.

Det same gjeld også andre lovendringar som er i kjømda, mellom desse endringar elles i vassdragslovgevinga og framlegget til ny minerallov.

Ikkje mange har fullt oversyn over korleis reglane om tilgang til nettet har vore brukt, og etter endringane kan bli brukt, for å kontrollera eigarskapen til vasskraftressursane, og sjølv om eigarskapen framleis blir hos falleigarane, kvar det skal bli av verdiane desse ressursane representerer.

Det er likevel klart at om oversynet over slike problemstillingar framleis er noko mangefullt, er det slik at i mange einskildsaker om nettilgang slår dette alt no slik ut at mange er i ferd med å mista tiltrua til NVE:

Ein situasjon der folk ikkje lenger har tiltru til forvaltningsorganet i desse sakene er knapt til leva med.

Også av den grunn bør ein venta med å innföra nye lovreglar til ein veit kva ein gjer.

Vikanes 2801 09



Otto Dyrkolbotn

Notar

1.

Avtale mellom Nordhordland Kraftlag og Dyrkolbotn gard 0410 97

2.

"Utbygd vannkraft i Norge", NVE 1946

3.

En oversikt over eiendomsforhold i ulike land finnes i Ot. prp nr 39 (1998 -99) kap 4, jf NOU 1994:12 kap 6

4.

Definisjon av naturhestekrefter i vassdragsregl §2. Begrepet er definert i forhold til kriteria for reguleringsgrad, behandlingsmåte i utbyggingssaker, konsesjonsstrøm til kommunene mv, og om erverv av et fall utløser hjemfall eller ikke. Det har ingen ting med verdsettelse å gjøre, men ble likevel brukt til dette formålet.

Som kriterium for verdier er det ikke behandlet i fagliteraturen annet enn særdeles overflatisk feks i Falkanger og Haagens standardverk fra 1988 "Norsk Vassdragsrett". Begrepet kan ikke sees å være nevnt med et ord i Lars Thues store verk "Statens Kraft" på nærmere 1700 sider fra 1994.

5.

Det kan ikke sees at metoden noen gang overhodet har vært drøftet av Høyesterett. Den er uten videre lagt til grunn av partene i ekspropriasjonssakene. Jf Hellandsfossen Rt 1997 s. 1594

6.

Rt 2008 s. 82

7.

I følge statsbudsjettet for 2009 kan vindkraftutbyggere etter det som er opplyst fra NVE få opptil 50 % av utbyggingskostnadene dekket av statstilskudd. Disse utbyggerne er både norske og utenlandske private og offentlige selskaper. Tilskuddet er antakelig i de fleste tilfeller mye mer enn det som er nødvendig for å gjennomføre utbygginga . Dvs disse selskapene blir ganske unødvendig subsidiert av staten med mange milliarder kroner for at de skal kunne erverve og bygge ut disse ressursene i utkantNorge. Slik utbygging kan videre gjennopføres etter beslutning fra NVE/OED uten krav til reguleringsplaner. Kommunene, ressurseierne og lokalsamfunnene blir dermed redusert til i beste fall høringsinstanser uten makt.

8.

Forslaget til minerallov innebærer at enhver, også utlendinger, får lete etter privat eide mineraler på privat grunn i Norge, og dersom noe finnes rett til å utvinne mineralene.

9.

Til og med ordlyden i utsagnene ligner. Smilign feks formuleringene i departementets drøftelse av endringsforslagene med de formuleringene Hans Hindrum bruker i "Elektrisitetsforsyning ved hjelp av statsstøtte", NVE 1994 s.111. At samkjøringen og ikke NVE var den sentrale pådriver for å bli kvitt småkraftverkene går for øvrig fram av Jon Sagens artikkel i "Et kraftmarked blir til" NVE 2007 s.57 flg 10.

I 2004 var arbeidsinntekten til bøndene enda lavere. Jf NILF S-094 -05 tabell 17g, de tre siste linjer.

11.

Vedtekten er bla inntatt i samkjøringens jubileumsskrifter "Samkjøringen gjennom 25 år" fra 1957 og tilsvarende jubileumsskrift fra 1982.

Det er for øvrig et interessant lite poeng av Kåre Schjetne som så lang jeg vet i dag er direktør i Statnett i desember 2008 brukte formuleringen at "Samkjøringen i 1993 gikk inn i Statnett".

12.

Olaf Rogstad: Artikler i "Fossekallen" 1956 nr 4 og 1957 nr 2

13.

Hentet fra dokument framlagt av Agder Energi i Ulebergsaken